



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
04.10.2017  
Dykkar dato  
15.09.2017

Vår referanse  
2014/12407 421.4  
Dykkar referanse

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

### Uttale til offentlig ettersyn av områdeplan for bru over Masfjorden

Vi viser til brev frå kommunen av 15.09.2017 med melding om offentlig ettersyn av reguleringsplan for bru over Masfjorden med PlanID 126620140002.

Fylkesmannen si vurdering er at det er gjort eit grundig arbeid med planen, og vi har berre merknad til føresegn 7.2. Her står det: *Naturområde i sjø og vassdrag. Gjeldande bruk av området er stadfesta i planen. I naturområde i sjø og vassdrag som er omfatta av mellombels rigg- og anleggsområde kan det fyllast steinmasse under kote 0,0. Område skal vere opent for ålmenn ferdsel.*

Føresegna opnar for at det kan fyllast steinmassar til overflata av sjøen på store område. I samtale med kommunen har vi forstått at intensjonen er at det kan fyllast opp til overflata i overgangen mellom land og sjø ved fyllingsfoten som er teikna inn ved BAA på reguleringskartet. Fylkesmannen har ingen merknad til dette. På mellombels rigg- og anleggsområde i sjø som ikkje er del av fyllingsfoten meiner vi at det som minimum må vere seglingsdjupne etter utfylling i sjø. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen utformar ny føresegn som klargjer dette.

Vi legg også til grunn at det vert innhenta løyve frå Fylkesmannen før utfylling i sjø kan gjennomførast, slik ROS-analysen har som føresetnad.

Om kommunen ønskjer rettleiing ved utforming av ny føresegn er det berre å ta kontakt med oss.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
avdelingsdirektør

Egil Hauge  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*